



**LYNGMO GLYTSEN**

**Lyngmo – 50 år i 2015**

---

## **UTBYGGINGSPLANANE ER VEDTEKNE!**

**- Slik vert det nye bygget**



---

**Lyngmo 50 år i 2015 - Velkommen til jubileumsfeiring**

---

**Tid for sommarleirar**

**- sjå baksida for informasjon!!**



# Helsing frå Lyngmo

## Storsatsing til 15 millionar kroner!

I februar 2011 bestemte styret at det skulle lagast planar for riving av den gamle internatdelen og bygging av eit nytt bygg. Fire år og mange arbeidstimar har gått med til planlegging, idemyldring, samtalar, arbeid med planloysingar, studering av ”TEK-10” og anna regelverk før endelege planar for utbygging var klare. I styremøte 28. april 2015 var det semje i styret for Lyngmo at ein ønskjer å satse friskt og bygge ut med ei budsjetttramme like over 15 millionar kroner. Nybygget skal leverast av Vestlandshus Sogn AS. Byggeperioden startar med at den gamle internatdelen skal rivast dei siste to vekene i august. Det nye bygget skal vera klart til bruk i mai/ juni 2016.



Det nye bygget er teikna av Hafslo Byggservice og vil innehalda:

- 9 soverom med bad
- Aktivitetssal (160 m<sup>2</sup> og 3,5 meter takhøgd)
- Kontorlandskap
- Sanitæranlegg til hytter og campingplass
- Bøne- og grupperom
- Tørkerom

- Totalt bruksareal på den nye delen vert mellom 800 og 900 m<sup>2</sup>.

Sjå heimesida vår [www.lyngmoinfo.com](http://www.lyngmoinfo.com) for meir informasjon om utbygginga!

Styret for Lyngmo gler seg over at nybygget no vert ein realitet, då dette er noko som ein trur og håpar vil auka kvaliteten på leirarbeidet vårt. Leirdeltakarane kan blant anna sjå fram til at ein ny aktivitetssal er ferdig. Det er vårt ønske og bøn at Lyngmo framleis kan vera ein misjonsstasjon og eit senter for det kristne arbeidet i Indre Sogn. Lyngmo skal vera ein stad der born, ungdom, vaksne og eldre kan samlast til fellesskap!

## Jubileumshelg 13. - 14. juni

50–års jubileet til Lyngmo skal feirast med ulike aktivitetar og arrangement. Me håpar at mange tek turen innom denne helga og feirar saman med oss. Heile familien skal få boltra seg på aktivitetsdagen før me samlast til familiefest. Me gler oss til å sjå kva Ruben Gazki vil finne på der. Festkvelden kjem til å få eit variert program, der me tek oss tid til å mimre litt, samstundes som me ser framover for nye år med drift av leirplassen vår. Det var naturleg for styret å invitere med kyrkja til å lage jubileumsgudsteneste søndagen. Fellesskap mellom dei kristne er viktig for leirplassen vår!


## Kvardagen

Midt oppe i utbyggingsplanar og jubileumsførebuingar skal også kvardagsaktivitetane våre drivast. Lyngmo skal vera førebudd når babyane og småbarnsforeldra samlast til Småbarnstreff torsdag formiddag, når Knøttekoret og Torsdagsklubben har samlingar torsdag ettermiddag og når konfirmasjonsgjestene kjem for å feire ein viktig dag for familien! Leirsesonsgen startar snart med ungdomsleir og barneleiarar før turistane og gjestene til Bibelsommar i Vest kjem når skuleferien startar. Me vil også gjere vårt beste for at drifta skal halde fram utan stopp i byggeperioden. Det vert sjølvsagt noko redusert kapasitet, men arrangementa vil stort sett gå som planlagt!

## **16 - 30 leir**



*Martin Ødegaard i god stil under «The Amazing Race», ein av aktivitetane på leiren.*



Det er mykje å takke for og det er med glede og spenning me ser framover til sommardrift og oppstart av byggeprosjektet i haust!

Årets første 16 - 30 leir kan oppsummerast med mykje glede og god forkynning. Ein skulle kanskje tru at ein var ferdig med leir når ein gjekk ut frå grunnskulen, men slik opplever me det ikkje på Lyngmo. Det vert lagt mykje ressursar i å lage gode leirar for denne aldersgruppa med studentar og unge vaksne. Me får god respons på 16 - 30 leiran, og det er kjekt å kunne tilby leir for denne aldersgruppa og.



*Pynting til fest :)*

# Leirtravarar



**Namn:** Ellisiv Moseng,  
**Miriam Jasmin Rashid, Victorya**  
**Hansen og Embla Svingum**

**Takk for intervjuet! :)**

## PANGSTARTLEIR

**10. - 13. august**

Pangstartleir er ein annleis leir for deg mellom 11 og 13 år. Her jobbar me med leirtemaet gjennom undervisning, men tematikken viser også tydeleg gjennom aktivitetane me har. Det gjer leiren ekstra spanande og lærerik! Leiren er i midten av august og passar flott som ei super avslutning av sommarferien. Det er også tid til tradisjonelle leiraktivitetar med kanopadling, bading, leirkveld, kiosk og mykje, mykje meir!

### Leiartrening

Dei som er konfirmantar våren 2015 kan være med som hjelpleiarar og startar leiren ein dag før med undervisning om leirtemaet og om

### Kva tykkjer de er kjekt på leir?

Ete snop frå kiosken, kose oss med spel og venner. Me får dra på kanotur til Holmen også er det mange hyggelige leiarar. Og me får høre om Jesus.

**Kvífor vel de å dra på leir?** Det er kjekkare enn å sitte heime, i tillegg skjer det så mykje spennande her. Lyngmo er bra.

### Kva sit de att med?

Mange ting! Leirkveld er veldig moro, då ler me høgt. På Pangstartleiren hadde me «Badhair», det var kjekt!

**Kjem de att på leir?** Ja!



**Tema: Noko i lufta**

”korleis vera leiar” (9. - 10. august).

“Pangstart, ein leir der nesten alt skjer ute!”

Leiren eit samarbeid mellom Lyngmo og kyrkja i Sogndal /Leikanger og Luster.



**DEN NORSKE KYRKJA**



Lyngmo – 50 år i 2015

## JUBLEUMSHELG 13. - 14. juni

*Mange Sogningar har vore innom Lyngmo sidan vigslinga i 1965. Lyngmo har etter oppstarten vore leirstaden i Indre Sogn. Styret for Lyngmo vil markere dette og ønskjer alle velkomne til å feire 50–års jubileumet laurdag 13. og søndag 14. juni! Dei neste sidene finn du nokre få utklypp frå historia til Lyngmo. I samband med 40–års juibilemet var det laga eit større hefte med meir historisk materiale. Ta kontakt med oss der som du er interessert i dette!*

Hjarteleg velkomne!

## PROGRAM

### Laurdag 13. juni

- 13.00 - Aktivitetsdag for heile familien  
Sal av grillmat
- 15.00 - Øving til ”familiekor”.  
Alle som vil kan vera med!
- 16.00 - Familiemøte med Ruben Gazki  
Familiekoret syng.
- 19.00 - Festmøte  
Songinnslag, helsingar, tale for dagen, servering, tilbakeblikk med meir

### Søndag 14. juni

- 11.00: Jubileumsgudsteneste for heile familien  
Samarbeid mellom Lyngmo og Kyrkja



Ruben Gazki «Svindlar med stil» kjem!

# Vissste du at...

- Indremisjonen og Norsk Luthersk Misjonssamband har hatt leirarbeid i Indre Sogn frå 1940-talet. (leiranar veksla mellom bygdene)
- Lyngmo vart vigsla 27. mai 1965, men den første leiren var allereie i påsken same året.
- Den første bygningen på Lyngmo var brakker som vart brukt i kraftutbygginga i Fortun. Brakkene vart kjøpt for 23.000,- kroner
- Samarbeidsnemnda: Har fungert sidan 1968 og har frivillige medlem som organiserer leirarbeidet. No gjer dei dette i samarbeid med Barne- og ungdomsarbeidarane på Lyngmo. I 2014 skifta Samarbeidsnemnda navn til Leirnemnda



- Det flotte glassmaleriet i møtesalen var ei gåve frå Thea Moe, syster til Klaus Moe. Ho var komen attende etter mange år i USA. Siste åra levde ho på Moe i Hafslo.
- Første gong ein finn at namnet «Lyngmo» er nytta, er i Indremisjonen si årsmelding for 1963/64. Området der leirstaden vart bygd, var tidlegare del av ein skogeigedom. Der var som vanleg i skogsområdet mykje lyng.
- Det har vore 8 styrarar på Lyngmo etter at stillinga vart oppretta i 1989.
- Dugnad: Det er mellom 4 og 5 årsverk med dugnad på Lyngmo, inkludert frivillige leirleiarar
- Det er 25 rom og 105 sengeplassar inne på Lyngmo. I tillegg er det 32 sengeplassar i dei 7 hyttene.

# Utbyggingsfasar



## Første byggetrinn i 1965

Lyngmo vart teken i bruk i 1965. Bygningane var i utgangspunktet gamle brakker frå kraftutbygginga i Fortun. Brakkene vart kjøpt og flytta til Lyngmo. Den første tida var det kun sommardrift på Lyngmo og bygningen vart stengd ned om vinteren.



## Andre byggetrinn i 1989.

I 1989 var eit stort arbeid og oppgradering av Lyngmo ferdig. Hovudbygget med møtesal, matsal, minimatsal, vestibyle og kjøkken var ferdig slik me kjenner Lyngmo i dag. I tillegg vart det lagt nytt tak på internatet som er til høgre på biletet. Det vart også laga personalbolig (det kvite huset bak Lyngmo.) Etter denne utbygginga vart det tilsett styrar og meir fast personale på leirstaden.



## Tredje byggetrinn i 2004

Brukarane av Lyngmo kunne i 2004 gle seg over eit heilt nytt internat. Dei 16 nye romma var store familierom med eige bad. Denne utbygginga gjorde Lyngmo til ein meir attraktiv leirstad og det vart merkbart fleire og større arrangement i etterkant av utbygginga.

# Minner



1965: Bilete frå innviinga av Lyngmo. Den gamle møtesalen var fullsett av mange glade Lyngmovenere denne dagen!



Bilde frå bibeltide i den gamle møtesalen. Glasmåleriet fylgte med over i den nye møtesalen i samband med ombygginga som var ferdig i 1989.



Nokre av dei første som var på leir på Lyngmo.

# Minner



Leiararbeidet på Lyngmo inneholder mykje leik, moro, god mat, undervisning, gruppearbeid og fellesskap mellom venner. Mange får nye vener når dei er på leir og nokre av desse vennskapa varer livet ut!

Me har ei målsetjing om at alle generasjonar skal få mat med god kvalitet og som er tilrettelagt for dei ulike aldersgruppene. Måltida og matfellesskapet er ein svært viktig sosial faktor på arrangementa våre!

Aktivitetane på leir varierer gjennom året. Me prøver å bruke årstidene og brukar gjerne snøen og det islagte Hafslovatnet om vinteren. Sommardagen nyttar me den flotte stranda vår til badeliv, og båtliv med robåtar, kajakkar og kanoar. Sandvolleyballbana er også flittig brukt om sommaren. Gode aktivitetar er viktig for trivselen til deltakrar og leiarar.



# Dugnadspersonen – Kylie Varcoe

Kylie Varcoe er ei dame som for mange av Glyttens lesarar er ukjent, men som de no får eit høve til å bli bedre kjent med. Ho har sidan ho kom til Noreg i fjor haust vore ein resurs for Lyngmo, men og for mykje av det kristne arbeidet som blir gjort i Sogndal.

## Kven er du, og kva har du gjort på før du kom til Noreg?

Eg heiter Kylie Varcoe og kjem frå ein plass som vert kalla «The Gold Coast» i Australia. Eg fullførte ei lærarutdanning då eg var 21 og jobba som forskulelærar for om lag 7 år. I slutten av 2013 bestemte eg meg for å ta eit år fri til å reise, og dette året ville eg følge nokre av draumane Gud har lagt ned i mitt hjerta. Så i januar 2014 reiste eg til Hawaii, der tok eg ein DTS (Disippeltreningsskule) i regi av Ungdom i Oppdrag.

## Kvifor kom du til Noreg?

Under mitt opphold på Hawaii blei eg veldig godt kjent med Euan og Gareth frå USA, og me kjente alle på eit ynskje om å reise til Europa for å sjå på moglege jobbar og utdanninga. Så etter fullført DTS, reiste me alle heim for 3 månadar og byrja forebuingane for reisa til Europa. Iløpet av desse 3 månadane opplevde me at Gud la det til rette for oss slik at me kunne reise til Noreg. Eg møtte ei dame i Australia som kom frå Stad og som studerte i Sydney. Gjennom ho blei eg satt i kontakt med folk i Sogndal. Her blei me teke veldig godt imot av ungdommar frå SIM (Sogndal Indre-

misjon). Desse var veldig nysgjerrige på korleis me i alle dagar hadde klart å ende opp i Sogndal. Frå eg kom hit, har eg kjent på at Sogndal er ein plass med slik ein ro og eg har møtt på så mange vennlige og generøse personar. Og



eg har satt pris på å innvolvera meg i ulike ting på SIM og på Lyngmo.

## Kva håpar du på for tida di her i Noreg?

Sjølv om det ikkje har vore enkelt å læra seg norsk, så håpar eg at eg kan finne meg ein jobb der eg kan bruke mine talent og evner til å gjera ein forskjell i andre sine liv og væra til velsignelse. Eg har felt pladask for dette vakre landet og alle desse flotte menneska i Noreg og eg håpar virkelig at Gud fortsetter å gi meg anledning til framleis å bu her.



Kylie Varcoe trivst godt på Lyngmo!

## Kva tykkjer du om Lyngmo og om det å hjelpe til her?

Lyngmo er ein kjempefrott leirplass og har eit stort potensial i det å gjera ein forskjell på nærområdet. Men og i det å være ein plass der folk kan treffast og bli kjent. Bygget er holdt i god stand og det er veldig mange ulike ting ein kan gjera her. Det har vore kjekt å hatt anledning til å hjelpe til her på ulike arrangement, og ikkje minst bli bedre kjent med plassen og dei fantastiske folka som gjer Lyngmo til ein bra plass å være.

# Dette skjer på Lyngmo:

## Mai 2015

- 18. - 21. Vi over 60
- 29. - 31. Leir for 7. - 10. klasse

## Juni 2015

- 5. - 7. Leir for 2. - 4. klasse
- 11. Småbarnstreff
- 13. - 14. Jubileumshelg, Lyngmo 50 år
- 19. - 22. Leir for 4. - 7. klasse
- 28. - 5. juli Bibelsommar i vest

## Juli 2015

- 28. juni - 5. juli Bibelsommar i vest
- 12. - 18. Familieleir Ungdom i oppdrag

## August 2015

- 9. - 13. Pangstartleir 11 - 13 år
- 27. Småbarnstreff
- 29. Bibelhelg

## September 2015

- 3. Knøttekor og torsdagsklubb
- 10. Småbarnstreff
- 17. Knøttekor og torsdagsklubb
- 18. - 20. Leir for 2. - 4. klasse
- 24. Småbarnstreff
- 25. - 26. Loppemarked

## Oktober 2015

- 1. Knøttekor og torsdagsklubb
- 2.-5. Leir for 4.- 7. klasse
- 8.-11. Leir for 8.-10 klasse
- 15. Knøttekor og torsdagsklubb
- 16. - 18. Internatmøte for kvinner
- 22. Småbarnstreff
- 29. Knøttekor og torsdagsklubb
- 30. Haustbasar

Returadresse:  
Lyngmo Ungdomssenter  
Lyngmo 12  
6869 Hafslø

Telefon: 57684366  
E-post: lyngmo@lyngmoinfo.com  
Heimeside: www.lyngmoinfo.com  
Gåvekonto: 3720.07.68427

# SOMMARLEIR LYNGMO 2015

<b>2-4 klasse</b>	<b>5. - 7. juni, pris 500,-</b>
<b>4-7 klasse</b>	<b>19. - 22. juni, pris 730,-</b>
<b>7-10 klasse</b>	<b>29. - 31. mai, pris 660,-</b>
<b>Pangstartleir (11-13 år)</b>	<b>10. - 13. aug., pris 800,-</b>

**For påmelding og informasjon:**

**E-post: bua@lyngmoinfo.com**

**Tlf: 57.68.43.66**



---

**Lyngmo 50 år - Velkommen til jubileumsfeiring 13. og 14. juni**

**Aktivitetsdag kl 13.00   Familiemøte kl 16.00   Jubileumsgåve**

- |                      |  |  |
|----------------------|--|--|
| *Bruskassestabling   | *Andakt og underhaldning<br>med Ruben Gazki:<br><i>"Svindlar med stil"</i> | *Tusen takk til alle som vil<br>støtte opp om Lyngmo og<br>drift / utbygging her!! |
| *Luftgevær           | *Stor-Familiekor   | *Gåver kan setjast inn på<br>gåvekonto 3720.07.68427                               |
| *Konkurranse         | *Song og musikk  |  |
| *Båt, kajakk og kano |  |  |
| *For heile familien  |  |  |